

**AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 26/2003**

av 14. mars 2003

**om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og
plantesanitære tilhøve)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg I til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 157/2002 av 6. desember 2002(¹).
- 2) Rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest(²), retta ved TEF L 168 av 27.6.2002, s. 59, skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2002/106/EF av 1. februar 2002 om godkjenning av en diagnostiseringshåndbok som fastsetter diagnostiske metoder, prøvetakingsmetoder og kriterier for å vurdere laboratorieundersøkelsene for bekrefteelse av klassisk svinepest(³) skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsdirektiv 2002/161/EF av 22. februar 2002 om godkjenning av dei planane som Tyskland har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i Saarland og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå villevande svin i Saarland og Rheinland-Pfalz(⁴) skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsvedtak 2002/181/EF av 28. februar 2002 om godkjenning av den planen som Luxembourg har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i visse område i Luxembourg(⁵) skal takast inn i avtala.
- 6) Kommisjonsvedtak 2002/182/EF av 28. februar 2002 om godkjenning av den endra planen som Austerrike har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i provinsen Niederösterreich(⁶) skal takast inn i avtala.

(¹) TEU L 38 av 13.2.2003, s. 3, og EØS-tillegget til TEU nr. 9 av 13.2.2003, s. 2.

(²) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

(³) TEF L 39 av 9.2.2002, s. 71.

(⁴) TEF L 53 av 23.2.2002, s. 43.

(⁵) TEF L 61 av 2.3.2002, s. 54.

(⁶) TEF L 61 av 2.3.2002, s. 55.

- 7) Kommisjonsvedtak 2002/526/EF av 28. juni 2002 om oppheving av vedtak 94/141/EF om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei nordlege delane av Vogesane⁽⁷⁾) skal takast inn i avtala.
- 8) Kommisjonsvedtak 2002/531/EF av 28. juni 2002 om endring av vedtak 2002/161/EF om godkjenning av dei planane som Tyskland har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Nordrhein-Westfalen⁽⁸⁾) skal takast inn i avtala.
- 9) Direktiv 2001/89/EF opphevar rådsdirektiv 80/217/EØF⁽⁹⁾), som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 10) Vedtak 2002/182/EF opphevar vedtak 2001/140/EF⁽¹⁰⁾), som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala.
- 11) Denne avgjerda gjeld ikkje for Island og Liechtenstein –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkkel 1

Vedlegg I kapittel I i avtala vert endra slik det er fastsett i vedlegget til denne avgjerda.

Artikkkel 2

Teksta til direktiv 2001/89/EF, retta ved TEF L 168 av 27.6.2002, s. 59, og vedtak 2002/106/EF, 2002/161/EF, 2002/181/EF, 2002/182/EF, 2002/526/EF og 2002/531/EF på norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

Artikkkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 15. mars 2003, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*)).

⁽⁷⁾) TEF L 170 av 29.6.2002, s. 85.

⁽⁸⁾) TEF L 172 av 2.7.2002, s. 63.

⁽⁹⁾) TEF L 47 av 21.2.1980, s. 11.

⁽¹⁰⁾) TEF L 50 av 21.2.2001, s. 22.

^(*)) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkelen 4

Denne avgjerdene skal kunngjøres i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 14. mars 2003.

*For EØS-komiteen
Formann*

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

VEDLEGG

TIL AVGJERD I EØS-KOMITEEN NR. 26/2003

I vedlegg I kapittel I i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I del 3.1 vert teksta til nr. 3 (rådsdirektiv 80/217/EØF) bytt ut med følgjande:

“**32001 L 0089**: Rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest (TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5), retta ved TEF L 168 av 27.6.2002, s. 59.

For føremåla med denne avtala skal føresegnene i direktivet gjelde med følgjande tilpassing:

I vedlegg III nr. 1 vert følgjande lagt til:

“*Norge*

Veterinærinstituttet, postboks 8156, N-0033 OSLO.””

2. I del 3.2 etter nr. 22 (kommisjonsvedtak 2001/783/EF) skal nytt nr. 23 lyde:

“23. **32002 D 0106**: Kommisjonsvedtak 2002/106/EF av 1. februar 2002 om godkjenning av en diagnostiseringshåndbok som fastsetter diagnostiske metoder, prøvetakingsmetoder og kriterier for å vurdere laboratorieundersøkelsene for bekreftelse av klassisk svinepest (TEF L 39 av 9.2.2002, s. 71).”

3. I del 3.2 under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” vert nr. 2 (kommisjonsvedtak 94/141/EF) og nr. 13 (kommisjonsvedtak 2001/140/EF) oppheva.

4. I del 3.2 etter nr. 14 (kommisjonsvedtak 2001/872/EF) under overskrifta “*RETTSAKTER SOM EFTA-STATANE OG OVERVAKINGSORGANET TIL EFTA SKAL TA TILBØRLEG OMSYN TIL*” skal nytt nr. 15 – 18 lyde:

“15. **32002 D 0161**: Kommisjonsdirektiv 2002/161/EF av 22. februar 2002 om godkjenning av dei planane som Tyskland har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i Saarland og for naudvaksinasjon mot klassisk svinepest hjå villevande svin i Saarland og Rheinland-Pfalz (TEF L 53 av 23.2.2002, s. 43), endra ved:

– **32002 D 0531**: Kommisjonsvedtak 2002/531/EF av 28. juni 2002 (TEF L 172 av 2.7.2002, s. 63).

16. **32002 D 0181**: Kommisjonsvedtak 2002/181/EF av 28. februar 2002 om godkjenning av den planen som Luxembourg har lagt fram, for

utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i visse område i Luxembourg (TEF L 61 av 2.3.2002, s. 54).

17. **32002 D 0182:** Kommisjonsvedtak 2002/182/EF av 28. februar 2002 om godkjenning av den endra planen som Austerrike har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i provinsen Niederösterreich (TEF L 61 av 2.3.2002, s. 55).
18. **32002 D 0526:** Kommisjonsvedtak 2002/526/EF av 28. juni 2002 om oppheving av vedtak 94/141/EF om godkjenning av den planen som Frankrike har lagt fram, for utrydding av klassisk svinepest hjå villevande svin i dei nordlege delane av Vogesane (TEF L 170 av 29.6.2002, s. 85)."